



Soknepresten på veg inn i kyrkja ikveld

Vår nye sokneprest, Lina Håland, debuterer denne veka - hun gjennomfører sin fyrste påske som prest og har 5 gudstenester. 2 av dei er i Uskedalen, 1 på Husnes, 1 på Valen og 1 i Holmedal, Eigentleg var hun sett opp med 6, men ein kollega tok den sjette på palmesøndag. Lina verkar ikkje det minste stressa foran debuten - då vi møtte henne i kyrkja ikveld sprudla ho slik ho plar gjera.

No har ho vore prest hos oss i 9 månadar og tida kan vera inne til ei lita oppsummering.
 - Det går fint, slår ho fast. - Eg har fått ei god mottaking. Rett nok går det i bylgjer, men etter å ha passert ein bylgjedal går det så mykje betre . Eg har ingen planar om å takka for meg tidleg, i alle fall ikkje før det har gått 2 år.

- Men det er kanskje noko du saknar?
- Eg må vel innrømme at eg frå tid til annan kan sakne bylivet i Stavanger med venner og kafear.
- Kva er ditt fyrste påskeminne?
- Det er nok opplevinga av snø då eg var 6-7 år gamal og vi gjekk på ski ved Knaben i Kvinesdal,

- Og når møt te du påskebodskapen fyrste gong?

- Eg kjem jo frå ein kristen heim og var vel 15-16 år då det skjedde på ein måte som greip meg og eg syntes det var kjekt.. Eg vart tidleg med på møter i pinsemenigheten Klippen. Eg hugsar at vi song 'Namnet Jesus'. Av preiketekstane var det sjølvstekt dei som handla om døden og oppstandelsen som gjorde inntrykk på meg.

- Du skal no preike om det samme tema i fleire gudstenester, kjem du til å variere tema eller gjentek du deg sjølv?

- Naturleg nok held eg nokså forskjellige preiker ettersom det som hendte var så forskjellig,

- Du er førebels kjent for relativt stutte preiker..

...

- Det er greitt å vera litt kortare enn nokre preistar er. Men når eg ikkje er så lang kjem det av at eg førebels ikkje er så trent, seier soknepresten som også har hatt skulegudsteneste her og andakt i bedehuset.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen